



Norges vassdrags- og energidirektorat

Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Vår dato: 15.05.2013
Dykkar dato: 01.02.2013

Vår referanse: 2011/3657-11
Dykkar referanse: 201101057-40

Vår sakshandsamar:
Håvard Hoftun, tlf. 32808730

Høring av søknad med konsekvensutredning for Hemsil 3 kraftverk - Gol og Hemsedal kommuner - Buskerud fylke

Me syner til høring av søknad med konsekvensutgreiing for Hemsil 3 kraftverk i Gol og Hemsedal kommune, Buskerud fylke.

Automatisk freda kulturminne

Me syner til tidlegare korrespondansse i saka, samt møte (12.09.2012) og synfaring (01.10.2012) mellom E-CO Energi, Norsk Institutt for Kulturminneforskning (NIKU) og Buskerud fylkeskommune. Synfaringa gjaldt vurdering av registreringsbehov i høve til to ulike alternativ skissert i melding om kosekvensutgreiingsprogram som fylkeskommunen uttalte seg til i brev til NVE av 31.10.2011. Me ser at det er det korte alternativet, alternativ 2, som no er på høyring, og går ut frå at me kan sjå bort frå det lange alternativet, alternativ 1. Ettersom prosjektet i all hovudssak er eit opprustings- og utvidelsesprosjekt vil planlagte inngrep i liten grad røre ved nye og sårbare landskapsrom, sett i eit kulturvernperspektiv.

Det er i hovudsak tippar og massedeponi som vil føre til dei største inngrepa over bakkenivå. Tre av fem tippar vil liggje i eksisterande tippområde og ikkje føre til større nye inngrep, medan dei to neste vil liggje i område der ein ikkje kjenner til nokon kulturminne frå før. Gjennom konsekvensutgreiinga, deltema: Kulturmiljø, er kvart område utførleg skildra og synfaringane utført av arkeologisk fagpesonell hjå NIKU (Rapport; T. Guttormsen og I. Lindblom 2012). Fylkeskommunen har vore i tett dialog kring vurdering kulturmiljø og verneverdi på ymse ikkje freda objekt.

Ut frå E-CO Energi sin *Konsesjonssøknad og KU* er alle tiltak godt skildra og synleggjort med fotodokumentasjon. I høve til kapittel 12. Konsekvensar for kulturmiljø, er planlagde tiltak vurdert til å ha liten negativ innverknad på kulturminne og kulturmiljø. Buskerud fylkeskommune seier seg einig i dette.

Me kjenner ikkje til automatisk freda kulturminne som vil komme i konflikt med planlagde tiltak, men ber om at følgjande uttale vert innarbeida ved eit eventuelt vedtak:

”Dersom det under anleggsarbeid framkjem automatisk freda kulturminne, må arbeidet straks stoppast og utviklingsavdelinga i fylkeskommunen varslast, jmf. kulturminnelova §8, 2. ledd”.

Med venleg helsing

Kari Norbakk
administrasjonsleiar

Håvard Hoftun
arkeolog

Kopi til:

Fylkesmannen i Buskerud	Postboks 1604	3007	Drammen
Gol kommune		3550	Gol
Hemsedal kommune		3560	Hemsedal
E-CO Energi AS	Postboks 1050	0104	OSLO
	Sentrum		